


REFERAT - Utdanningsutvalet Fakultet for helse- og sosialvitskap, HVL

Dato: 4.april 2018, Stad: Møllendalsveien M6-623 /Skype, kl. 10:00- 14:00

Deltakarar: Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning), Johannes Haltbakk (fagseksjonsleiar master i klinisk sjukepleie), Eli Bjøvad Eikefjord (fagseksjonsleiar radiografi), Inger Kristin Heggdalsvik (høgskulelektor sosialt arbeid), Ingrid Eggen (student master fysioterapi), Jannicke Holmseth Bukve (rådgjevar FoU/Internasjonalisering) og Cecilie Thaulle Løvlid (rådgjevar utdanning/prosjektleiar BSV-utdanningane).

Forfall: Toril Forbod (prodekan for utdanning NTNU) og Hilde Kristin Tveit (seniorrådgjevarr/sekretær adm.) + studentrepresentant (ikkje oppnemnd)

| Sak | Dokument | Kva skal skje i møtet? | Prosess | Ca tid |
|--|---|--|-------------------|--------|
| Opning v/prodekan | | Presentasjon av medlemmane i Utdanningsutvalet | | 5 min |
| Sak 1 /18 Etablering av Utdanningsutvalet Mandat mm | Notat om Utdanningsutval 2018, 15.2.2018  Utdanningsutvalg 2018.docx | Diskutere mandat for Utdanningsutvalet. | Prodekan innleiar | 10 min |
| REFERAT Utdanningsutvalet til Fakultet for helse- og sosialvitskap vart satt med fylgjande medlem og varamedlem: | | | | |

Medlem: Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning), Johannes Haltbakk (fagseksjonsleiar master i klinisk sjukepleie), Eli Bjøvad Eikefjord (fagseksjonsleiar radiografi), Inger Kristin Heggdalsvik (høgskulelektor sosialt arbeid), Ingrid Eggen (student master fysioterapi), Jannicke Holmseth Bukve (rådgjevar FoU/Internasjonalisering), Toril Forbod (prodekan for utdanning NTNU) og Hilde Kristin Tveit (seniorrådgjevare/sekretær adm.) + bachelorstudent

Varamedlem: Ingrid Narum (prodekan for utdanning OsloMet), Else Cathrine Rustad (fagseksjonsleiar sjukepleie Haugesund), Margaret Søvik (fagseksjonsleiar ergoterapi) Berit Marie Njøs (høgskulelektor barnevern) Kristin Senneset (seniorkonsulent administrasjon), Cecilie Thaulé Løvlid (rådgjevar utdanning/prosjektleiar BSV-utdanningane) + to varamedlem for studentar (manglar oppnemning)

Mandat for utvalet vart gjennomgått og utvalet tilrår leiinga ved FHS å gå for mandatet som ligg føre i sakspapira. Mandatet vil gjelde for våren 2018 og justerast i høve føringar frå HVL sitt institusjonelle utdanningsutval og i høve kva oppgåver styret delegerer til utvala.

Innleiingsvis i møtet vart det gjeitt **informasjon om Høgskulen på Vestlandet og Fakultet for helse- og sosialvitskap**. Status, mål og ambisjonar framover som vil legge føringar for arbeidet med utdanningskvalitet vart vektlagt. Viser til vedlagde PP-presentasjon.

Utdanningsutvalet må forholde seg til mange både lokale, nasjonale og internasjonale føringar og det vil bli laga ein oversikt med lenkjer til **sentrale dokument utvalet må kjenne til**. Utdanningsutvalet må ha ei nettside som både tilsette, studentar og eksterne har tilgang til.

| | | | | |
|---|--|---------------------------------|-------------------|--------|
| 2 /18 Orienteringssaker RETHOS prosjektet, Retningslinjer for rettleiaropplæring, BSV prosjektet, status ph.d søknaden, studieportefølje | | Til orientering for medlemmane. | Prodekan innleiar | 30 min |
|---|--|---------------------------------|-------------------|--------|

REFERAT

RETHOS: Dei nasjonale retningslinjene for kvar einskild utdanning skal vere førande for FHS sitt arbeid med utvikling av bachelorutdanningane og vil vidare påverke utviklinga av master- og vidareutdanningane. Retningslinjene kjem på høyring kring 11.april med frist 1.august 2018. Implementering frå haust 2020. [Detaljert plan ligg her](#). Utdanningsutvalet støttar FHS sin plan for høyring, der fagseksjonsleiarane har ansvar for prosessen knytt til sine utdanningar. Prodekan for utdanning sender eit samla høyringssvar for HVL.

UHR-Helse og sosial, vedtok i sitt møte 9. februar 2018 **Veileidende retningslinjer for utdanning og kompetansevurdering av praksisveiledere i helse- og velferdstjenestene**. Dei rettleiande retningslinjene finn ein her:

http://www.uhr.no/aktuelt_fra_uhr/veiledende_retningslinjer_for_utdanning_og_kompetansevurderi FHS må fylgje opp føringane og komme i dialog med praksisfeltet kring prioritering av denne viktige kompetansehevinga for alle våre rettleiarar i praksis. Utdanningsutvalet trekk fram viktigheita av at dette arbeidet vert prioritert og vi må sjå våre eksisterande rettleiarutdanningar i lys av dei nye føringane. Systematisk samarbeid med praksisfeltet, tilgang på relevante praksisplassar og kompetente praksisrettleiarar vert nasjonalt løfta fram som ei særleg satsing og dette må FHS fylgje godt opp.

BSV-prosjektet: Bachelorutdanningane i barnevern, sosialt arbeid og vernepleie er pilot kring samkjøring av utdanningane ved FHS. Prosjektet er i god rute. Ein jobbar med tema som skal munne ut i emne, samt overordna plan og læringsutbyte. Tverrgåande arbeidsgrupper er i gang i høve praksisstudiar og digitalisering/e-læring. Studietilboda skal i tillegg til samkøyring også tilpassast både ny rammeplan og nye retningslinjer. BSV-utdanningane har også nyleg vore gjennom eit NOKUT-tilsyn. [Tilsynet er no avslutta](#) og det er forventa at ein forbetrar dei påpeikte manglane.

Status PhD søknad: Søknad vart levert i november 2017. NOKUT-besøk i mai/juni.

Studieportefølje: sjå presentasjon

| | | | | |
|------------------------------------|----------------------------------|---|--------------------------------------|--------|
| 3/18 Studiebarometeret 2017 | To dokument utsendt ut på e-post | Diskutera tiltak på medverknad, rettleiing og tilbakemelding. | Prodekan/ studierådgivar innleiar | 10 min |
|------------------------------------|----------------------------------|---|--------------------------------------|--------|

REFERAT

Studentane ved FHS svarar gjennomgåande lågt på spørsmålet kring medverknad. Dette er også ei nasjonal utfordring. Utdanningsutvalet drøfta både kva som kan ligge i dette med medverknad og korleis ein kan forbetre dette gjennom til dømes vektlegging av møte mellom fagtilsette, leiing og studentar i klassens time, fagutval m.m. Vi må ha stor merksemd på å få studentar godt representert i råd og utval ved fakultetet og legge vekt på informasjon ut til studentane om arbeidet som føregår. Tilbakemeldingssløyfene vert svært sentrale. Studentane må vite kva som vert konsekvens av tilbakemeldingar og evalueringar.

Tilbakemelding på eksamen er viktig for studentane, men også undervegs. Ein balansegang. Omfang vs. kvalitet på tilbakemeld.

FHS må styrke medverknad: sette tema på dagsorden i leiinga. Tilsette må sikre tilbakemeldingssløyfa.

---klassens time

---fagutval

Internasjonalisering heime og ute er også noko FHS må rette særleg merksemd mot. Utdanningsutvalet støtta måten fakultet arbeider med oppfølging av studiebarometeret. Fagseksjonsleiarane set resultat og tiltak på dagsorden i sine møter. Utvalet vil gå nærmare inn i neste års studiebarometer.

Utvalet ber elles leiinga sjå på nettsidene, slik at studentane vert sikra informasjon, jf. medverknad. Kva skal ligge ute? Kva skal ligge på internsida? Vert ein viktig sak i utviklinga av kvalitetssystemet til HVL.

| | | | | |
|---|--|--|-------------------|--------|
| 4/18 Samkøyring av bachelorutdanningar | Prosessnotat frå Prodekan Anne-Grethe Naustdal | Innspel til vidare arbeid med samkøyring av BA utdanningane. | Prodekan innleiar | 65 min |
|---|--|--|-------------------|--------|

| | | | | |
|--|--|---|--|--|
| | | <ul style="list-style-type: none"> • <i>Korleis skal vi jobbe med felles innhald og identifisering av emne/tema som bør vere felles i alle våre bachelorutdanningar?</i> | | |
|--|--|---|--|--|


REFERAT

Utdanningsutvalet råda leiinga til å halde fram arbeidet slik det er skissert i prosessnotatet. Utvalet kom med innspel til fylgjande:

- Utvalet likar ideen om valemne i alle bachelorutdanningane, men usikre på korleis dette vil la seg gjennomføre i høve ny rammeplan og nye retningslinjer. Utvalet bad om at ein sjekkar ut korleis andre institusjonar inkluderar valemne i sine tilsvarande studieplanar. Utvalet vil gjerne ha utgreia innføring av 7,5 stp ex.phil i alle program.
- Utvalet drøfta særskilt emneoppbygging på 7,5sp/15 sp og ev. utfordringar i høve rammeplan og retningslinjer og ber leiinga fylgje dette tett
- Utvalet ser muligheit for å styrke den tverrprofesjonelle satsinga og ber om ei vurdering av om dette er dette som kan bli ein profil/kjenneteikn ved våre bachelorutdanningar. Vi må inkludere dette i drøfting kring FHS sin strategi.
- Internasjonalisering heime for dei som ikkje har høve til å reise ut. T.d. integrere innreisande studentar i enkelte av våre emne.

Utvalet er positive til samansetjing og organisering av prosjekt- og referansegruppene. Veldig positivt å ha med nyutdanna studentar. Dei relatere seg både til studentrolla og arbeidslivet.

(Samordning BSV-utd: Legg inn praksis og digitalisering og e-læring under pkt.3.1.)

| | | | | |
|---|---|--|-------------------|--------|
| 5/18 Samkøyring av masterutdanningar og EVU, oppfylging og kartlegging | Vedlegg frå Prodekan Mildrid  Utkast - Arbeid med samkøyring av vidare Haugland | Innspel til arbeidet med utvikling og samkøyring av vidare - og masterutdanningane? <ul style="list-style-type: none"> • <i>Korleis skal vi jobbe med felles innhald og identifisering av emne/tema som bør vere felles?</i> | Prodekan innleiar | 45 min |
|---|---|--|-------------------|--------|

REFERAT

Utdanningsutvalet råda leiinga til å halde fram arbeidet slik det er skissert i prosessnotatet. Utvalet kom med innspel til fylgjande:

- Samordne vidareutdanningar inn i masterprogram
-meir attraktivt å gå vidare på master viss EVU-emne kan leggest inn i masterprogram

- Samordning emne:
-Vitsk./metode/etikk – gjennom MAMET ved alle studieprogram
----lik del kvalitativ og kvantitativ metode
----kan ha deler med fagleg tilpassing
- engelsk emne i alle masterutdanningar – styrke det internasjonale perspektivet og opne for innreisande studentar

Utvalet er positive til samansetjing og organisering av prosjekt- og referansegruppene.

| | | | | |
|---|--|--|-------------------|--------|
| 6/18 Samarbeid med kommunar, helseforetak og andre partnare | | <i>Korleis skal fakultetet arbeide for å utvikle/ivareta behova i regionane? Møtepunkt, område for samarbeid og utvikling av tilbod?</i> | Prodekan innleiar | 20 min |
| REFERAT Saka vart utsett | | | | |
| 7/18 Eventuelt | | | | 10 min |
| REFERAT Det vart bestemt eit ekstra møte i utdanningsutvalet i slutten av mai. Dette for å kunne gje innspel i arbeidet med strategien for FHS. Vi vil også setje utvikling og samkjøring av bachelor-, master og etter- og vidareutdanningar på dagsorden i dette møte. Begge dei neste møta i utvalet vert via Skype. | | | | |